

Mitt alterego budde i Etiopia før misjonærane kom, er ei lita samling tekstar som vaks ut av feber, tilbakeblikk og nostalgi ein fredags formiddag. Tekstane insisterer på å vera naive, direkte og ikkje "ferdig gjennomarbeida" og omhandlar konseptet "gamle dagar" blanda saman med romfart, utvikling og den utopiske draumen om Etiopia. Det å ikkje sensurere og redigere, er ikkje synonymt med at eg er lat, men heller at det er noko som blir borte i det ein "fullfører" noko. Eg vil ta vare på potensialet i det uferdige, på same måte som at eg alltid må ha noko liggjande som kan bli til noko anna. Ei openheit og eit transformasjonsbehov eller kanskje destruksjonsbehov som kanskje definerer det å vera menneske.

Brynhild